



Møre og Romsdal fylke



Informasjon om søknad til vidaregåande opplæring for skoleåret 2010-2011

MinID:

Det er no slutt på å sende ut Brukarnamn og passord frå fylkeskommunane til ungdom som har rett til vidaregåande opplæring. Frå og med skoleåret 2010-2011 skal alle nytte MinID for å logge seg inn på vigo.no og søkje om vidaregåande opplæring.

Med MinID kan du logge deg inn til offentlege elektroniske tenester. Mange kjenner bruk av MinID frå før mellom anna for søking om stipend/lån hos Lånekassen, søking om frikort/skattekort hos skatteetaten eller melding om flytting til folkeregisteret.

PIN-kodar til MinID blir sendt ut frå skatteetaten i løpet av januar til alle som er folkeregistrert i Møre og Romsdal og er meldt inn som avgangselevar frå grunnskolane. Det blir også sendt ut PIN-kodar til elevar i vidaregåande skolar i Møre og Romsdal som ikkje har registrert seg som brukar på MinID, f.eks i samband med søknad om lån/stipend i Lånekassen. Alle som har ein profil på MinID frå før skal nytte denne. Alle som har norsk personnummer kan nytte MinID når dei søkjer om vidaregåande opplæring. Dei som ikkje har norsk personnummer må som før sende inn søknad på papir til Utdanningsavdelinga. Papirsøknad får ein ved å vende seg til Utdanningsavdelinga på e-post: inntak@mrfylke.no

All informasjon om MinID finn ein på nettsida: norge.no eller grønt nummer: 800 30 300. Sjå også på sida vilbli.no for meir informasjon om korleis ein bruker MinID for å søkje vidaregåande opplæring.

Kven skal registrere seg på vigo.no:

Alle ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring skal gå inn og registrere seg enten som søkjar til skole eller opplæring i bedrift, eller at dei ikkje skal søkje vidaregåande opplæring.

Grunnen til at dei som ikkje skal søkje vidaregåande opplæring også skal gå inn og registrere årsak til at dei ikkje søkjer, er at Møre og Romsdal fylkeskommune også har ansvar for oppfølging av ungdom mellom 16 og 21 år som ikkje er i opplæring. Vi ønskjer difor tidleg å få ei oversikt over kva for planar dei som ikkje søkjer vidaregåande opplæring har for komande skoleår. Alle ungdommar mellom 16 og 21 år som har rett til vidaregåande opplæring vil bli kontakta av oppfølgingstenesta (OT) dersom dei ikkje søkjer vidaregåande opplæring. Sjå meir om OT på vilbli.no

Også dei som ikkje har rett til vidaregåande opplæring kan søkje om inntak til vidaregåande opplæring på vigo.no men desse vil i inntaket bli prioritert etter dei som har rett til vidaregåande opplæring.

Søknadsfristar

Søknadsfristane til vidaregåande opplæring er 1. februar 2010 for dei som søkjer om inntak med behov for spesialundervisning, lærekontrakt med unntak frå

opplæringsordninga eller opplæringskontrakt, og 1. mars 2010 for dei som søker om ordinært inntak til vidaregåande skolar og formidling til bedrift.

Det blir opna for søking ca 5. januar, og ein kan gå inn og registrere sin søknad når ein har motteke MinID frå skatteetaten. *Fram til søknadsfristen går ut kan ein endre på søknaden sin så mange gonger ein vil.*

VIKTIG!

Når du har lagt inn søknaden din: send kvittering til eiga e-postadresse eller skriv ut kvitteringsbildet. Kvitteringa er det einaste beviset du har på at du har lagt inn søknad. Dersom du endrar søknaden din må du alltid passe på å ha den sist gjeldane kvitteringa. Kontroller at søknaden er riktig på vigo.no før søknadsfristen går ut. Sjekk at telefonnummer, e-postadresse og mobilnummer stemmer. Du kan endre telefonnummer, mobilnummer og e-postadresse på vigo.no fram til 1. juli.

Endring av søknaden etter søknadsfristen:

Etter at søknadsfristen er gått ut har ein ikkje høve til å endre på søknaden. I spesielle tilfeller kan ein sende skriftleg søknad om endring til Utdanningsavdelinga. Har ein ønske om å endre på søknaden sin, må ein først ha hatt ein grundig samtale enten med rådgjevar eller kontaktlærer. Ein kan berre endre på ønske til Møre og Romsdal sine egne skolar, privatskolane i Møre og Romsdal og regionale tilbod. Ein får ikkje endre søknaden sin til landslinje/landsdekkande tilbod, for desse tilboda er det andre fylker som gjer inntaket til. Ein kan få fjerne og erstatte eit landslinje/landsdekkande tilbod med eit tilbod i Møre og Romsdal, men ikkje setje opp eit landslinje/landsdekkande tilbod, eller bytte rekkjefølgje på desse. Endringa må vere skriftleg og sendast til Utdanningsavdelinga **innan 1. mai. OBS!** Denne fristen gjeld berre søkjarar som skal konkurrere om skoleplass med grunnlag i sine karakterar. Andre må ta kontakt med Utdanningsavdelinga før 1. april. Brevet med endringane skal vere signert av både søkjar og rådgjevar eller kontaktlærer. Det må også der kome fram at ein har hatt samtale med rådgjevar eller kontaktlærer. Ønske om endring må grunngjevast, ei individuell grunngjeving.

Omval:

Omval og endring av søknaden sin etter søknadsfristen er to forskjellige ting. Omval kan gjerast dersom ein ungdom har starta i vidaregåande opplæring og ser at det valet han/ho har gjort er feil. Ungdommen kan då søkje om eit anna utdanningsprogram/programområde det neste skoleåret. Jf opplæringslova § 3-1, 4. ledd blir retten til vidaregåande opplæring utvida med inntil eitt år ved omval. Ein må gjere omval innanfor same trinn dersom ein skal kunne fullføre opplæringa si med ungdomsrett. Har du gått eit Vg1 kan du gjere omval til eit anna Vg1, har du gått Vg1 og Vg2 kan du gjere omval til eit anna Vg2. Har du gått både Vg1 og Vg2 og gjer omval til eit nytt Vg1 vil du ikkje få fullføre opplæringa di med ungdomsrett fordi at retten berre blir utvida med inntil eitt år.

Retten til vidaregåande opplæring:

Jf opplæringslova § 3-1 har ungdom som har fullført grunnskolen, etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Heile retten må takast ut i løpet av fem år etter at ein har starta opplæringa, eller seks år dersom opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift, og innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år.

Søkjarar har rett til inntak på eitt av tre valde utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 og til to års vidaregåande opplæring innanfor utdanningsprogrammet.

Dette betyr at søkjarar til Vg1 må setje opp tre forskjellige utdanningsprogram på søknaden sin for å få oppfylt denne retten. Set søkjaren opp berre eitt eller to utdanningsprogram på søknaden sin, og ikkje greier å konkurrere seg inn til desse tilboda med karakterane sine, står fylkeskommunen fritt til å gje tilbod på eit

utdanningsprogram der det er ledige plassar. Retten til inntak på eitt av tre utdanningsprogram er ikkje knytt til skolane som søkjaren set opp på søknaden sin. Vi anbefaler alle til å setje opp søknaden sin ut frå sine interesser, og kva for skolar dei helst er interesserte i å gå på. Ein kan setje opp tre skolar for kvart utdanningsprogram, men er det viktigare for ein søkjar å kome inn ved ein skole i nærleiken av der dei bor, bør dei ikkje setje opp skolar utanfor dette distriktet på søknaden sin. Fylkeskommunen kan likevel tilby søkjaren plass på andre skolar enn dei som er sett opp på søknaden, dersom søkjaren ikkje greier å konkurrere seg inn med karakterane sine til skolane dei har sett opp.

Konklusjon søking til Vg1: Alle MÅ setje opp tre forskjellige utdanningsprogram. Du kan setje opp tre forskjellige skolar på kvart utdanningsprogram, men du bør berre setje opp dei skolane som du kunne tenke deg å gå på.

Søklarar til Vg2 og Vg3 har rett til inntak på eit Vg2 eller Vg3 som dei er kvalifisert til ut frå det Vg1 eller Vg2 dei har fullført og bestått. Her er det ikkje eit krav om å setje opp tre forskjellige programområde for å få oppfylt retten sin, og fylkeskommunane kan plassere søklarar som ikkje greier å konkurrere seg inn til Vg2 eller Vg3 dei har sett opp på søknaden sin til eit anna Vg2 eller Vg3 dei er kvalifisert til, eller ved ein skole som dei ikkje har sett opp på søknaden sin.

Konklusjon søking til Vg2 og Vg3: Du treng ikkje å setje opp tre forskjellige alternativ til Vg2 eller Vg3, men du bør setje opp dei tilboda du helst ønskjer. Du kan setje opp tre forskjellige skolar på kvart alternativ, men bør ikkje setje opp skolar du ikkje kan tenkje deg å gå ved.

Inntaksforskrifter – reglar for inntak:

Jf forskriftene i kapittel 6 opplæringslova skal alle søklarar som har karakterar i meir enn halvparten av faga frå grunnskolen konkurrere om skoleplass til Vg1 med grunnlag i desse karakterane. Søklarar til Vg2 og Vg3 som manglar karakter i eitt eller fleire fag skal også konkurrere med grunnlag i sine karakterar dersom skolen etter intern vurdering kan dokumentere at søkjaren har den kunnskap og dugleik som etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet er nødvendig for å følgje undervisninga. Dette gjeld også dei som har behov for spesialundervisning. Søklarar som har behov for spesialundervisning og som ikkje har karakterar i meir enn halvparten av faga frå grunnskolen, eller ikkje har karakterar frå Vg1 eller Vg2, skal takast inn på grunnlag av individuell vurdering.

Dette vil i praksis seie at dei aller fleste som søker vidaregåande opplæring skal konkurrere om skoleplass med sine karakterar. Søklarar som har behov for spesialundervisning og som blir tekne inn på grunnlag av individuell vurdering får melding om inntak i månadsskiftet mai/juni. Søklarar som har behov for spesialundervisning men som skal konkurrere om skoleplass med sine karakterar vil få melding om inntak saman med dei ordinære søklarane i juli.

Vedleggsskjema:

Alle vedleggsskjema ligg på heimesida til Møre og Romsdal mrfylke.no men søklarane har også tilgang til vedleggsskjema via søknaden sin på vigo.no

Vedleggsskjema A:

Dei som søker med behov for spesialundervisning skal i tillegg til å registrere søknad på Internett også fyller ut og sende inn vedleggsskjema A. Vedleggsskjema A skal fyllast ut i samarbeid med skolen og PPT. Skjemaet skal sendast til Utdanningsavdelinga i to eksemplar. Frist for innsending er 1. februar.

Vedleggsskjema B:

Er for dei som har behov for mindre tilrettelegging når dei startar i vidaregåande opplæring. Eksempel kan vere at dei har dysleksi i mindre grad og ikkje treng spesialundervisning, men treng å få ekstra tid til prøver/eksamen, at dei har ein sjukdom

som kan påverke undervisninga eller skolekvardagen. Skjemaet skal takast med av eleven til den skolen dei har fått plass ved, og leverast til kontaktlæraren. Kopi av skjema med vedlegg skal sendast til Utdanningsavdelinga. Frist for innsending av kopi til Utdanningsavdelinga er 1. mars.

Vedleggsskjema R:

Skal brukast av dei som ønskjer å få reservert skoleplass ved næraste skole grunna sjukdom som er under behandling, og som gjer at dei ikkje kan flytte frå der dei bur, eller av dei som ikkje kan flytte og gå på skole ein annan stad fordi dei er under omsorg av barnevernet. Dei kan ikkje søkje om reservering av plass ved eit spesielt tilbod, berre ved skolen som er nærast der dei bur. Dei bør difor setje opp fleire tilbod dei er kvalifisert til ved denne skolen der dette er mogleg. Skjemaet skal sendast i eitt eksemplar til Utdanningsavdelinga. Frist for innsending er 1. mars.

Vedleggsskjema for minoritetsspråklege:

Skal brukast av alle som ikkje har norsk, samisk, svensk eller dansk som morsmål. Dette gjeld om søkjaren er norsk statsborgar eller ikkje. Skjemaet skal sendast i eitt eksemplar til Utdanningsavdelinga. All dokumentasjon som blir etterspurd i skjemaet MÅ ligge ved. Frist for innsending er 1. februar for dei som søker med behov for spesialundervisning, og 1. mars for ordinære søkjarar.

Vedleggsskjema til lærekontrakt med unntak frå opplæringsordninga eller opplæringskontrakt:

Skal brukast dersom søkjaren ønskjer å få godkjent lærekontrakt eller opplæringskontrakt som inneheld unntak frå den fastsette opplæringsordninga. Skjemaet sendast i eitt eksemplar til Utdanningsavdelinga. Frist for innsending er 1. februar.

Vedleggsskjema for søkjarar til Vg1 idrettsfag:

Skal brukast av dei som ønskjer å få vurdert sine idrettslege prestasjonar i tillegg til karakterane sine. Skal sendast berre dersom dei har idrettsfag som sitt første ønske, og til den skolen dei har som sitt første ønske på søknaden. Skjemaet sendast i eitt eksemplar til den skolen dei har som første ønske. Fristen for innsending er 1. mars.

Vedleggsskjema for søkjarar til Vg1 musikk, dans og drama:

Skal brukast av dei som har Vg1 musikk, dans og drama som sitt første ønske, og ønskjer å møte til opptaksprøve ved den skolen dei har som sitt første ønske på søknaden. Skjemaet sendast i eitt eksemplar til den skolen dei har som første ønske. Fristen for innsending er 1. mars.

Vedleggsskjema for søkjarar til Vg1 TAF:

Skal brukast av alle som har Vg1 TAF som sitt første ønske på søknaden. Skjemaet sendast i eitt eksemplar til den skolen dei har som første ønske. Fristen for innsending til skolen er 1. mars.

Andre viktige kjelder til informasjon om vidaregåande opplæring:

- Heftet "Vil bli noko!" som er utdelt til alle elevar på 10. trinn i grunnskolen hausten 2009.
- Brosjyren "Vidaregåande opplæring – tilbod i skole 2010-2011" som blir laga av Møre og Romsdal fylkeskommune og utdelt til alle elevar på 10. trinn i grunnskolen, Vg1 og Vg2 i vidaregåande skolar rett over nyttår 2010.
- Internettetsida www.vilbli.no
- Opplæringslova med forskrifter på internettetsida www.lovdata.no
- Inntakskontoret si heimeside: www.mrfylke.no, e-post: inntak@mrfylke.no eller tlf: 71 25 87 75 (mellom kl 10 og 13).